

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2016

Anne Beth Njærheim (V) stilte spørsmål om ho var ugild fordi ho truleg ville verte vald som medlem til Bømlo Vegselskap AS i løpet av dagen. Njærheim gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om ho var ugild. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Anne Beth Njærheim ikkje var ugild, jf. forvaltningslova § 6, 1. og 2. ledd.

Anne Beth Njærheim tiltredde saksbehandlinga.

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt forslag:

«På grunn av stor gjeldsgrad aukar ikkje Hordaland fylkeskommune sjølvskuldnargarantien for Bømlo vegselskap A/S.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkestinget med 14 røyster mot 1 røyst (MDG) for Tomren sitt forslag.

Innstilling til fylkestinget

1. Hordaland fylkeskommune aukar sjølvskuldnargarantien for Bømlo Vegselskap AS til 600 mill. kr.
2. Garantien gjeld for hovudstol på inntil 600 mill. kr, med tillegg av 10 % av til ei kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av påløpne renter og omkostningar.
3. Garantiansvaret gjeld til utgangen av 2030.